



Arnhild Sagstad
Løhøyen 15
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6701 - 14/22841

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
09.10.2014

Søknad om oppføring av garasje - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 134/359 Hilland.

Kommunen viser til søknad om oppføring av garasje på gbnr 134/359 mottatt 22.09.2014.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Gjenpart av nabovarsel er ikkje fylt ut. Det må gjerast greie for kva som er nabovarsla. Utfylt skjema for gjenpart av nabovarselet vert å ettersenda.
2. Lindås kommune, som grunneigar av nabotomta gbnr 134/364, må også varslast.
3. Egedomen gbnr 134/359 er seksjonert. Omsøkt garasje skal plasserast på fellesarealet for seksjonane. Før kommunen handsamar saka må det liggja føre erklæring med løyve til omsøkte plassering frå styret i sameiget eller frå seksjonseigarane. At seksjonseigarane har gjeve samtykke til tiltaket på skjemaet for nabovarsel er ikkje tilstrekkeleg.
4. Omsøkt høgdeplassering og eksisterande og nytt terreng må gå fram av teikningane. Høgdeplassering kan gjevast opp ved, td kote for topp golv eller møne.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.12.2014. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Med helsing

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



